



**Vestnes kommune**

## **KOMMUNAL PLAN FOR OVERGANGEN MELLOM BARNEHAGE OG SKULE.**

### **1. MÅL FOR ARBEIDET**

Alle barn i Vestnes kommune skal sikrast ein god overgang frå barnehage til skule ved at:

- Barna har kjennskap til dei arenaene dei skal over til. (Skule og SFO).
- Ved at barna har møtt personalet som skal ha ansvar for dei.
- Foreldre/føresette har god nok informasjon om skule, sfo, skuleskyss, søknadsfristar og prosedyrar.
- Barnehage og skule har eit system for overgangen.
- Det er eit fagleg samarbeid mellom barnehage og skule.

### **2. KVEN ER INVOLVERT I OVERGANGEN**

- Barna, foreldre/føresette.
- Styrar, rektor og SFO - leiar. Pedagogisk leiar og lærar.
- I enkeltsaker kan og andre tenesteytarar vere involvert.

### **3. GENERELLE RUTINER**

- Kommunalsjef og barnehagekonsulent har ansvar for at barnehagane og skulane har eit system for overgangen.
- Styrarane ved barnehagane og rektorane ved skulane har ansvar for at dette systemet/rutinane blir følgt.

Det skal utarbeidast ei plan for tilvenning til skulen, planen bør innehalde:

- Opplegget rundt førskulegruppa i barnehagen siste barnehageåret.
- Tilvenning/besøksdagar på skulen og sfo.
- Korleis ein markerar barnehageavslutninga.
- Innskriving/førskuledag.
- Foreldreinformasjon.
- Kunnskapsutveksling mellom barnehage og skule.

### **4. SPESIELLE RUTINAR.**

- Vurdere om barn som tek imot spesialpedagogisk hjelp i barnehagen vil ha behov for spesialundervisning i skulen.
- Vurdere om barn som ikkje har spesialpedagogisk hjelp i barnehagen kan ha behov for det i skulen.
- Vurdere informasjon om dei barna som skulen bør ha kjennskap til for å kunne legge til rette for/møte på ein god måte.

Når det gjeld punkt 1 og 2, blir det brukt fastsett skjema: ”*Rutinar vedrørande søknad om spesialundervisning for barn som skal begynne på skulen*”.

Det må innhentast samtykke frå foreldra på fastsett skjema både når det gjeld punkt 1,2 og 3.

#### **5. KORLEIS INFORMERE FORELDRE/FØRESETTE.**

- Foreldremøte i barnehagane på hausten for foreldre med barn som går siste året i barnehagen.
- Med informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med førskulegruppe/skuleførebuande aktivitetar, samt informasjon frå skulen om korleis dei arbeider på 1.årssteg. Om likskapar/ulikskapar i fag og fagområde.
- Foreldremøte på skulen innan utgangen av mars med informasjon om søknadsfristar m.m.